

Tabell B-k

Inntektsgarantiordning. Kommunane

Inntektsgarantiordninga (INGAR) skal sikre at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 300 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga. Ordninga blir finansiert ved eit likt trekk per innbyggjar frå alle landets kommunar.

Inntektsgarantiordninga ser på den totale endringa i rammetilskotet. Kommunar med låg vekst i rammetilskotet vil med INGAR få kompensasjon uavhengig av om den låge veksten skyldast innlemming av øyremerka tilskot, systemendringar, nedgang i folketalet, endringar i regionalpolitiske tilskot, endringar i kriteriedata eller andre forhold.

Endringar i inntektsutjamnande trekk/tilskot som følgje av endra skatteutjamning eller skatteinngang blir ikkje kompensert gjennom inntektsgarantiordninga. Endringar i skjønntilskotet, veksttilskotet eller saker med særskild fordeling (tabell C-k) blir heller ikkje kompensert gjennom INGAR, sidan dette er tilskot som blir gitt til særskilde formål eller i ein tidsavgrensa periode.

Inntektsgarantiordninga for 2013 blir berekna med utgangspunkt i rammetilskotet til kommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2012. Dette rammetilskotet blir korrigert for skjønntilskot i 2012, saker med særskilt fordeling i 2012 (saker i tabell C-k), veksttilskotet i 2012, korreksjonar og inngåande/utgåande fordeling av tilskot som blir innlemma/ trekt ut av inntektssystemet i 2013. Rammetilskotet til kommunane i 2013 blir tilsvarande korrigert for skjønntilskot i 2013, saker med særskilt fordeling i 2013 og veksttilskotet i 2013. Deretter blir den korrigerede veksten frå 2012 til 2013 berekna, på landsbasis og for kvar enkelt kommune.

Den korrigerede veksten på landsbasis frå 2012 til 2013 er på 635 kroner per innbyggjar. Dersom ein kommune har ein korrigert vekst i rammetilskotet som er lågare enn 335 kroner per innbyggjar, får kommunen tilskot gjennom inntektsgarantiordninga tilsvarande differansen mellom eigen vekst i rammetilskotet, og ein vekst på 335 kroner per innbyggjar. I tillegg må alle kommunar vere med å finansiere INGAR, gjennom eit trekk i innbyggjartilskotet. INGAR blir berekna på grunnlag av innbyggjartal per 1. juli 2012.

Kolonne 1 – Rammetilskot 2012

Kolonne 1 viser rammetilskot til kommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2012, eksklusive ufordelt skjønn.

Kolonne 2 – Skjønntilskot 2012

Kolonne 2 viser skjønn fordelt av fylkesmannen og skjønn fordelt av Kommunal- og regionaldepartementet som kompensasjon for endringane i inntektssystemet i 2011, for 2012. Kolonnen inneheld ikkje ufordelt skjønn m.m. Skjønntilskot inngår ikkje i

berekninga av inntektsgarantiordninga, og må trekkast ut av rammetilskotet for 2012 i berekninga av INGAR.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling 2012

Kolonne 3 viser fordelinga av 5 enkeltsaker med særskild fordeling i 2012. Fordelinga i kolonnen er ytterlegare dokumentert i tabell C-k i Grønt hefte 2012

Kolonne 4 – Veksttilskot 2012

Kolonne 4 viser veksttilskotet i 2012. Tilskotet er dokumentert i tabell D-k i Grønt hefte 2012.

Kolonne 5 – Summen av korreksjonar i 2012

Kolonne 5 viser summen av endringar i rammetilskotet i 2012 som det blir korrigert for i berekninga av inntektsgarantiordninga for 2013.

Korreksjonar i 2013 (beløp i 2012-kroner)	(1000 kr)
<i>Innlemmingar / utlemmingar</i>	
Innlemming av driftstilskot til barnehagar	10 000
<i>Korreksjonar fordelt etter kostnadsnøkkel:</i>	
Barnehage (6 saker)	720 036
Valfag i ungdomsskulen	153 741
Kulturskoletilbod i skole/SFO	69 753
Auka tal på elevar i statlege/private skular	-22 542
Verjemaalreforma	-37 270
Uttrekk av frigjorte midlar ved utbygging av augeblikkeleg hjelp	-80 348
Sum endringar	813 369

Tabellen over gir ein oversikt over dei ulike sakane det blir korrigert for i 2013. Merk at beløpa er i tabellen over er i 2012-kroner, mens sjølve innlemmingane/uttrekka er i 2013-kroner. Under er ein kort omtale av dei ulike sakane, med beløp i 2013-krone. For nærare omtale av endringane, sjå Prop. 1 S (2012–2013) frå Kommunal- og regionaldepartementet.

- Driftstilskotet til barnehagar vart innlemma i rammetilskotet til kommunane i 2011. For å ta høgde for utbetalingar knytte til etterslep og klagesakar vart det løyvd midlar til driftstilskot også i 2011 og 2012. Attverande løyving på 10,3 mill. kroner blir overført til rammetilskotet til kommunane i 2013.
- I 2013 er det fleire korreksjonar i innbyggjartilskotet knytt til barnehage:
 - o *Barnehagar – auka løyving til barnehageplassar til toåringar som følgje av omlegginga av kontantstøtteordninga (avvikling for toåringar)*
Kontantstøtteordninga blei lagt om med verknad frå 1. august 2012. Som kompensasjon for auka etterspurnad etter barnehageplassar blir det lagt inn 308,8 mill. kroner i rammetilskotet til kommunane i 2013.
 - o *Nominell vidareføring av maksimalprisen i 2012*
Stortinget vedtok ved handsaminga av statsbudsjettet for 2012 å vidareføre

maksimalgrensa for foreldrebetaling i barnehage på same nominelle nivå som i 2011. I statsbudsjettet for 2013 blir kommunane kompenserte for heilårsverknaden av tiltaket med 62,6 mill. kroner.

- *Nominell vidareføring av maksimalprisen for barnehage i 2013*
Regjeringa føreslår i statsbudsjettet for 2013 å vidareføre maksimalprisen for ein heiltids barnehageplass på same nominelle nivå som i 2012. I statsbudsjettet for 2013 blir kommunane kompenserte for meirutgiftene ved ein auke i rammetilskotet på 273,1 mill. kroner.
- *Likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i 2012*
Stortinget vedtok ved handsaminga av statsbudsjettet for 2012 å auke minimumstilskotet til ikkje-kommunale barnehagar frå 91 til 92 pst. frå 1. august 2012. I statsbudsjettet for 2013 blir kommunane kompensert for heilårsverknaden av tiltaket med 41,3 mill. kroner.
- *Likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i 2013*
I statsbudsjettet for 2013 føreslår regjeringa å auke minimumstilskotet til ikkje-kommunale barnehagar frå 92 til 94 pst. av det tilsvarande kommunale barnehagar i gjennomsnitt mottek i offentleg finansiering. Det blir føreslått at auken skal gjelde frå 1. august 2013. 58 mill. kroner blir lagt inn i rammetilskottet til kommunane til dette tiltaket i 2013.
- Valfag i ungdomsskulen: I stortingsmeldinga om ungdomstrinnet (Meld St. 22 (2010-2011) Motivasjon – Meistring – Moglegheiter) blei det varsla at regjeringa vil innføre valfag på ungdomstrinnet og tek sikte på å gjere dette gradvis over tre år frå hausten 2012. Hausten 2012 blei to timar valfag innført for 8. trinn. Hausten 2013 blir ordninga innført for 9. trinn. I statsbudsjettet for 2013 blir kommunane kompenserte for heilårsverknaden av endringa i 2012 med 92,7 mill. kroner, og halvårsverknaden av endringa i 2013 med 66,1 mill. kroner.
- Kulturskoletilbod i skole/SFO: I statsbudsjettet for 2013 gjer regjeringa framlegg om å innføre ein veketime med frivillig og gratis kulturskoletilbod i SFO-tida frå hausten 2013. Meirkostnaden for kommunane er berekna til 72,1 mill. kroner. Kommunane blir kompenserte gjennom ei auke i rammetilskotet.
- Som følgje av at elevtalet i statlege og private skular aukar er kommunane sitt rammetilskot redusert med 23,3 mill. kroner.
- Verjemålsreforma: Stortinget vedtok våren 2010 ny verjemålslov. For kommunane inneber det at overformynderia blir avvikla, og at ansvar, oppgåver og finansiering av den lokale verjemålsmyndigheita blir overført til fylkesmennene. Det er anslått at kommunane bruker 103 mill. kroner på verjemål i året. Den nye lova skal etter planen tre i kraft frå 1. juli 2013. Det blir trekt ut 38,5 mill. kroner frå rammetilskotet i 2013. Dette betyr at kommunane, utover halvårseffekten, får behalde nokre midlar til meir- og etterarbeid etter 1. juli 2013.
- Som ein del av samhandlingsreforma er det planlagt ein plikt for kommunane til å etablere eit døgntilbod for augeblikkleg hjelp. Oppbygging og drift av døgntilbod i

kommunane blir finansiert gjennom overføring frå Helse- og omsorgsdepartementets budsjett og direkte bidrag frå dei regionale helseføretaka. I forbindelse med oppbygging av tilbud om augeblikkelig hjelp i 2013, blir det trekt 83 mill. kroner frå rammetilskotet til kommunane.

Kolonne 6 – Inngående fordeling tilskot til fysioterapi

Kolonne 6 viser fordelinga av midlar til styrking av kommunane sitt finansieringsansvar for den avtalebaserte fysioterapitenesta. Midlane vart lagt inn i rammetilskotet til kommunane frå og med 2009, og har i åra 2009 til 2012 vore gitt ei særskild fordeling i inntektssystemet. Frå og med 2013 blir midla fordelt på ordinær måte gjennom kostnadsnøkkelen i inntektssystemet. Rammetilskotet for 2013 blir korrigert for fordelinga i 2012 i utrekninga av inntektsgarantiordninga i 2013.

Kolonne 7 – Inngående fordeling tilskot til kvalifiseringsprogrammet

Kolonne 7 viser fordelinga av midlar til kvalifiseringsprogrammet. Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig tiltak i Regjeringa sin innsats mot fattigdom, og retter seg mot langtidsmottakarar av sosialhjelp og andre som står langt frå arbeidsmarknaden. Midlane vart lagt inn i rammetilskotet til kommunane frå og med 2011, og har i åra 2011 og 2012 vore gitt ei særskild fordeling i inntektssystemet. Frå og med 2013 blir midla fordelt på ordinær måte gjennom kostnadsnøkkelen i inntektssystemet (delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp). Rammetilskotet for 2013 blir korrigert for fordelinga i 2012 i utrekninga av inntektsgarantiordninga i 2013.

Kolonne 8 – Fordeling øyremerkta tilskot til kommunalt rusarbeid i 2012

Ved handsaminga av kommuneproposisjonen for 2008 slutta Stortinget seg til framlegget om å innlemme det øyremerkte tilskotet til kommunalt rusarbeid på kap. 763, post 61 frå 1.1.2011. I 2010 avgjorde regjeringa at verketida til opptrappingsplanen for rusfeltet skulle forlengast ut 2012, og tilskotet blei vidareført ut planperioden. Regjeringa gjer nå framlegg om å innlemme 333 mill. kroner av dagens tilskot til kommunalt rusarbeid i rammetilskotet til kommunane frå 2013. Midlane blir fordelt etter kostnadsnøkkelen i inntektssystemet (delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp)..

Kolonne 8 viser eit anslag på fordelinga av det øyremerkte tilskotet til kommunalt rusarbeid i 2012. Rammetilskotet for 2013 blir korrigert for fordelinga i 2012 i utrekninga av inntektsgarantiordninga i 2013.

Kolonne 9 – Korrigert rammetilskot 2012

Kolonne 9 viser korrigert rammetilskot for 2012. Kolonnen er summen av kolonne 1, 5, 6, 7 og 8, minus kolonnane 2, 3 og 4. Kolonnen er grunnlag for berekning av absolutt korrigert vekst frå 2012 til 2013.

Kolonne 10 – Rammetilskot 2013 (før INGAR)

Kolonne 10 viser rammetilskot til kommunane i 2013, eksklusive ufordelt skjønn, før berekning av inntektsgarantiordninga.

Kolonne 11 – Skjønntilskot 2013

Kolonne 13 viser skjønn fordelt av fylkesmannen og skjønn fordelt av Kommunal- og regionaldepartementet som kompensasjon for endringane i inntektssystemet i 2011, for 2013 (jf. tabell 1-k, kol. 7 og 8). Kolonnen inneheld ikkje ufordelt skjønn m.m.

Skjønnstilskot inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantiordninga, og må trekkast ut av rammetilskotet for 2013 i berekninga av INGAR.

Kolonne 12 – Saker med særskild fordeling 2013

Kolonne 12 viser fordelinga av tre enkeltsakar med særskild fordeling. Sakar som ligg i tabell C-k skal ikkje inngå i berekninga av inntektsgarantiordninga, og rammetilskotet for 2013 må korrigerast for dette. Fordelinga i kolonne 12 er ytterlegare dokumentert i tabell C-k.

Kolonne 13 – Veksttilskot 2013

Kolonne 13 viser veksttilskotet i 2013 (jf. tabell 1-k, kol. 5). Veksttilskotet inngår ikkje i INGAR, og må korrigerast ut av rammetilskotet for 2013 før berekning av INGAR.

Kolonne 14 – Korrigert rammetilskot 2013

Kolonne 14 viser rammetilskotet til kommunane i 2013, korrigert for skjønnstilskot i 2013, saker med særskilt fordeling i 2013 og veksttilskot i 2013. Kolonnen er kolonne 10 minus kolonnane 11–13.

Kolonne 15 – Absolutt korrigert vekst 2012-2013 (i 1000 kr)

Kolonne 15 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til kommunane frå 2012 til 2013. Veksten er vist i 1 000 kroner. Kolonnen er kolonne 14 minus kolonne 9.

Kolonne 16 – Absolutt korrigert vekst 2012-2013 (kr pr. innb.)

Kolonne 16 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til kommunane frå 2012 til 2013. Veksten er vist i kroner per innbyggjar, og er berekna med utgangspunkt i innbyggjartal per 1. juli 2012. Landsgjennomsnittleg vekst er 635 kroner per innbyggjar. Dette gir ei vekstgrense for å få inntektsgarantitilskot i 2013 på 335 kroner per innbyggjar ($635 - 300 = 335$).

Kolonne 17 – Inntektsgarantitilskot før finansiering (kr pr. innb.)

Kolonne 17 viser inntektsgarantiordninga for 2013 i kroner per innbyggjar, før finansiering av sjølve ordninga. Kommunar som har ein vekst i rammetilskotet (absolutt korrigert vekst) som er lågare enn 335 kroner per innbyggjar blir kompensert opp til denne vekstgrensa.

Kolonne 18 – Inntektsgarantiordning 2013 (kr pr. innb.)

Kolonne 18 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i kroner per innbyggjar, altså INGAR inkludert finansiering. Sidan INGAR er ei omfordelingsordning, er alle kommunane med på å finansiere tilskotet med eit likt beløp per innbyggjar. I 2013 er finansieringa 62 kroner per innbyggjar

Kolonne 19 – Inntektsgarantitilskot 2013 (1 000 kr)

Kolonne 19 viser inntektsgarantiordninga i 2013 i 1 000 kroner. Kolonnen er lik kolonne 18 multiplisert med innbyggjartal per 1. juli 2012 (sjå tabell F-k, kolonne 2). Talet på inntektsgarantiordninga blir nytta vidare i tabell 2-k, kolonne 5.